



# Seljord ungdomsskule

27.09.18

Til  
FAU, SU, SMU

## Referat frå møte i FAU, SU, SMU

**Tid:** torsdag 06.09.2018  
**Desse møtte:** Linda Torsdalen Angre, Anders Walle, Anne Marthe Lindheim, Jorunn A. Hegni, Lene Brekke, Marieke Nieuwenhuize, Beate Moen, Else Eilefstjønn, Øyfrid Garborg Sande Aufles  
**Fråfall:** Eilev Bjørge  
**Referent:** Kjersti Bollerud

### Status for trivsel:

- Rektor refererte til ein roleg og fin start for heile skulen.
- Det er roleg og god stemning i gangar, uteområdet og i kantina

### Informasjon om satsingsområdet iPad:

- Kommunal digital satsing for barnehage, skule og vaksenopplæring md hjelp frå ATEA
- Alle elevar får kvar sin iPad til låns
- IPadane blir sendt med heim i løpet av september
- Alle heimar må skrive under på ei låneavtale for iPaden

### Informasjon om satsingsområde inkluderande skule- og barnehagemiljø:

- Felles satsingsområde for barnehage og skule med oppstart januar 2019
- I løpet av hausten skal skulane og barnehagen finne fokusområde som skal bli jobba systematisk med.
- Eit av måla vil vere å jobbe meir heilskapleg og systematisk frå barnehagealder av for eit inkluderande miljø for alle barn og elevar.
- Meir informasjon vil kome vår 2019

### Varsla gjennomgang av gratisprinsippet i Seljordsskulen:

#### Rektor:

- Refererte til skriv frå kommunalsjefen om varsla gjennomgang av gratisprinsippet i Seljordsskulen

#### Elevrådet:

- Elevrådet v/Selma informerte om korleis elevrådet har jobba med saken. Rektor var med på fyrste elevrådsmøte, og gjekk gjennom skrivet frå kommunalsjefen. Elevrådsrepresentantane har hatt saka oppe i alle klassene, og dei har også gjennomført spørjeundersøking om for og i mot turen. Elevrådet skal på bakgrunn av dette arbeidet utarbeide ei høyringsuttale, og sende til kommunalsjefen.

#### FAU:

- FAU sender inn eige skriv om saka.



# Seljord ungdomsskule

27.09.18

- FAU etterspør ei felles skriftleg prosedyre som blei tatt opp i SMU våren 2018, der ein t.d. skulle skrive ned makspris for turen.
- FAU hadde også innspel på at Polen-gruppa kan bli meir styrt frå skulen slik at det ikkje blir opp til kvart kull korleis turen blir organisert mth. på pris, varighet, stader ein besøker osv.

Lærarrepresentantane:

Anne Marthe Lindheim har med informasjon frå Roar Slinde som sit i Polen-gruppa.

Det er blitt sjekka priser med hvite busser. Dei viser til at det går an å få reise langt billigare.

- Det er ikkje forventa at føresette blir med på turen.
- Det går an å kutte ned på prisen ved å velje andre løysingar som blant anna ikkje sentrumsnære hotell, ikkje Color line ferja på veg heim t.d. Det er lurt at ein representant frå skulen sit i Polengruppa, anten kontaktlærer eller Roar. Han har sagt seg villig til å sitje i Polengrupper, om ein kontaktlærer ikkje har nok kunnskap om turen.
- Det skal også informerast tydeleg om frå skulen, kva turen går ut på, og at det er eit alternativ for elevane å ikkje vere med på turen. Dei skal då få ei fordjupingsoppgåve om emnet dei skal jobbe med på skulen den veka.

FAU hadde eige møte etter SMU. Rektor var tilgjengeleg, men det var ikkje saker som kom opp som rektor måtte vere med på.

Referent

Rektor, Kjersti Bollerud